

Invitasjon til samling i  
Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap



Kaupanger 28.- 30. august 2019

I år tek vi nettverkssamlinga attende til Sogn der det ein gong starta. Vertsmuseum for årets samling er Musea i Sogn og Fjordane avd. De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. Det er eit av dei eldste friluftsmusea i landet og har jobba med kulturlandskap sidan 1980-talet. Det har heile vegen vore eit tett samarbeid med fagmiljøet ved høgskulen på Vestlandet. På årets samling ønskjer vi å ha ein meir praktisk tilnærming der vi ser på immateriell kulturarv, reiskaps bruk og hage. Vi vil sjølv sagt ha ein ekskursjon, og denne gongen skal vi verta kjent med Lærdal som i fjar vart peika ut som «utvald kulturlandskap i jordbruksrådet» (UKL). Her finn ein også viktige kulturminne som tettstaden Lærdalsøyri, Vindhellavegen og Borgund stavkyrkje.

## Nettverksdag på museet

onsdag 28. august

12.00-13.00 Oppmøte og lunsj

13.00 – 16.00 Nettverkssamling  
Norsk håndverksinstitutt med Dag Feldborg

16.00 – 17.00 Middag på museet

17.00 – 19.00 Omvisingar på museet

## Praktisk dag på friluftsmuseet og ekskursjon

torsdag 29. august



9.00 – 12.00 Praktisk økt på museet

På uteområdet vil vi etablere tre stasjonar der vi kan demonstrera og prøva ut ulike tradisjonsborne handverksteknikkar. Korleis tradisjonelle arbeidsprosessar er utførte varierer kringom i landet og vi håpar at vi kan få i stand interessante diskusjonar omkring ulike teknikkar. Tanken er at det skal passe både for deg som kan og deg som ønskjer å læra.

## KORNÅKER

Her syner vi fram heile prosessen; skjere korn, lage band og setje på staur.

## SLIPING

Det å klargjere reiskap er viktig og vi vil ha ein stasjon med fokus på sliping. Ta gjerne med eigne reiskap som må slipast!

## LAUING OG LAUVRAUK

Lauving og styving har vore vanleg i heile landet, og her i Sogn heldt ein på lenge. På denne stasjonen går vi igjennom det å lauve, binda kjerv og oppføre eit lauvrauk/lauvstakk.

12.00 – 13.00 Lunsj

13.00 – 22.00 Ekskursjon



Vi reiser over Sognefjorden til Lærdal til det rike og varierte kulturlandskapet der. Spesielt for Lærdal er vatningsveitene. Med lite nedbør har vatningsveiter vore ein føresetnad for jordbruket. Vi vil besøka eit par av veitene og sjå på dette systemet.

På husmannsplassen Halabrekka finst eit intakt bygningsmiljø omkransa av eit mosaikkprega, variert og småskala kulturlandskap. Det er særleg dei mange steingjerda som omkransar slåttemarkene, åkrane og nyttehagane som er spesielt for husmannsplassen.

På turen gjer vi også fleire andre stopp der me m.a. tek ein liten tur i bygningsmiljøet på Lærdalsøyri, går Vindehellavegen og har ei omvising i Borgund Stavkyrkje. Vi avsluttar ekskursjonsdagen med middag på det ærverdige hotellet på Husum.

# Hagar på museet

fredag 30. august

09:00 – 12.00 Hagar



På friluftsmuseet til De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum har vi fleire hagar. Vi vil besøka eit par av dei og ha diskusjonar kring utfordringar vi, og sikkert andre museum, står overfor.

Vik prestegard har vorte flytta to gonger og kom til friluftsmuseet i 2005. Hagen er her plassert på ei drenert myr. Det er utarbeidd planar for korleis museet ønskjer at hagen skal sjå ut. Då prestegardshagar ofte var eit førebilete for resten av bygda er det ønskjeleg med ein typisk og standsmessig hage. Men kva gjer ein når resursane ikkje strekk til? Det gjeld både økonomi, arbeidskapasitet og diskusjon kring kompetanse innanfor gartnaryrket og den museala hagekompetansen. I tillegg kjem problematikken kring ulike naturtilhøve.

Kvitevoll er ein embetsgard frå Luster. Huset låg opphavleg lunt til nede ved Lustrafjorden, men er flytta til museet der det er både vanskelegare klima og jordtilhøve. Vi har eit godt kjeldemateriale omkring korleis hagen såg ut, men korleis skal ein etterlikna ein hage der dei klimatiska tilhøva skil seg? Og korleis skal ein tilpasse ein hage til publikum?

## Praktiske opplysingar

---

**Hugs: Vi kjem til å vera mykje ute og været kan vera variabelt! Ta med kle og sko som du kan jobba i og vera ute i.**

### Overnatting

Du ordnar sjølv med overnatting. Nedanfor finst døme på alternativ.

Vesterland feriepark <http://www.vesterland.no/> ligg 500 m frå museet. Her har vi reservert nokre hytter for dei som ønskjer å bu slik. Det finst følgande typar:

Type A 2 (+1) personar

Type B 4 (+2) personar

Vesterland feriepark har også eit fåtal hotellrom, men du bør vera raskt ute om du ønskjer det.

Når du bestiller, så gje opp at du skal delta på kulturlandskapsnettverket så betalar du prisen for lågsesong.

Bestillingsfrist for denne kvoten er: **18. juli.** Alle ubrukte hytter/rom blir frigjorde frå denne kvoten etter denne datoен.

For deg som ønskjer å bu på hotell så er det fleire moglegheiter i Sogndal (ca. 8 km frå museet)

Quality Hotel Sogndal <https://www.qualityhotelsogndal.no/about>

Best Western Lægreid hotell <http://www.lagreid.no/>

Hofslund Fjord Hotel <https://www.hofslund-hotel.no/>

### Korleis koma seg til De Heibergske Samlinger – Sogn folkemuseum?:

#### Fly

Nærmaste flyplass er Sogndal lufthamn/Haukåsen. Det går flybuss til Sogndal som stoppar rett utanfor museet (haldeplass Sogn folkemuseum)

#### Buss

Det er godt bussamband med m.a. Bergen og Oslo med stopp rett utanfor museet (haldeplass Sogn Folkemuseum). For å finna bussruter til/frå Sogn og Fjordane, innafor fylket og lokalbuss er det enklast å bruka nettsida <https://www.kringom.no/>

#### Bil

Kjem du med bil ligg museet på strekninga mellom Kaupanger og Sogndal.

### Deltakaravgift

Som vanleg er deltakaravgifta etter sjølvkostprinsippet og varierer etter tal på deltarar. Avgifta vert fakturert etter samlinga. Prisen i år vil truleg ligge på ca. 2000 kr. pr. deltarar.

**Påmelding**

Frist: 15. juli

Påmelding: De Heibergske Samlinger; [marie@mif.no](mailto:marie@mif.no), telefon: 47 45 02 19

Namn: .....

Institusjon: .....

Fakturaadresse: .....

Spesielle omsyn: .....

Innspel på nettverksmøtet: .....

Anna: .....